



Reknes Byggjeverer LL
Selvåg
5986 HOSTELAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2083 - 14/7724

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
01.04.2014

Manglar i søknad om rammeløyve - oppføring av bustad med leilighet - gbnr 212/128 Eikanger øvre.

Kommunen viser til søknad om rammeløyve for oppføring av bustad med utleigehusvære på gbnr 212/128. Administrasjonen har gått gjennom saka og har følgjande merknader:

Eigedomen ligg i område som er sett av til LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Tiltaket er ikkje i samsvar med føresegnene for utbygging av området når det gjeld mønehøgd og gesimshøgd, jf punkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen. Tiltaket må anten reviderast eller det må søkjast om dispensasjon frå føresegnene. Vi ber om at både mønehøgd og gesimshøgd vert påført teikningane.

Eigedomen har avkjøring frå fylkesveg 397 via privat veg. Avkjørsler til private vegar skal tilfredsstilla same tekniske krav til utforming som er sett for avkjørsler til offentlege vegar, jf punkt 1.8 i kommuneplanen. Utforminga av avkjørsla må visast på situasjonsplanen. Det må dokumenterast rett til å nytta privat veg.

Det er krav til 2 parkeringsplassar per bueining, jf føresegnene til kommuneplanen punkt 1.15. Parkeringsarealet må visast på situasjonsplanen. Grad av utnytting må rettast opp.

Plasseringa av heile avlaupsanlegget fram til bekk må gå fram av situasjonsplanen. Plasseringa av avlaupsleidning ligg ifølgje vedlegg Q8, innanfor byggjegransa langs fylkesvegen og krev difor dispensasjon. Kommunen kan gje dispensasjon etter uttale frå Statens vegvesen. Det må sendast inn søknad om dispensasjon.

Situasjonsplanen skal visa bygningen sine ytre hovudmål. Det må også gå fram av situasjonsplanen at det er tilstrekkeleg uteopphaldsareal for 2 bueingar igjen på tomta, jf punkt 5.14 i føresegnene til kommuneplanen.

I følgje planteikningane har kjellerstova vindauge som går ut til overbygd inngangsparti og det er ikkje vindauge i kjøkkendelen til utleigehusværet. Det må dokumenterast at løysinga stettar krava i TEK10 til lys og utsyn, jf pbl § 29-5.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Søknaden vert lagt på vent inntil vi mottek manglande dokumentasjon. Dersom vi ikkje høyrer noko innan 6 veker, dvs 13.05.2014, vert saka arkivert utan handsaming.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Magnar Eikanger

Mykingvegen 97 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

Reknes Byggjevarer LL

Selvåg 5986

HOSTELAND